

Anskaffingsstrategi

Dokumentadministrator: Are Mydland
Godkjent av: Are Mydland

Gyldig fra: 10.06.2020
Revisjonsfrist: 16.05.2023

Revisjon: 1.2
ID: 2973

Innhold

[Innleiing.](#)

[Rammer.](#)

[Verkeområde.](#)

[Mål](#)

[Føremål](#)

[Hovudmål](#)

[Delmål og tiltak.](#)

[Implementering og oppfølging.](#)

Innleiing

Kjøp av varer og tenester utgjer ein stor del av dei kommunale kostnadane. Det offentlege skal gjennom sine kjøp bidra til at ein får mest mogleg igjen for dei midlane ein forvaltar. Samstundes skal det offentlege gjennom sine anskaffingar bidra til å ivareta forhold kring viktige samfunnsomsyn som arbeidslivskriminalitet, sosialt ansvar og klima og miljø. Skal ein lukkast med dette, er det avgjerande å ha ein strategi for korleis kommunen skal innrette sine anskaffingar.

«Anskaffelsesstrategien viser virksomhetens overordnede veivalg og satsinger for anskaffelser. Den prioriterer endringer virksomheten skal gjennomføre for å nå sine overordnede og langsiktige mål»

[\[1\]](#)

Strategien gjeld for fire år, men kan bli revidert ved større endringar av dei grunnleggjande føresetnadene dersom det er behov for det. Aktuelle endringar kan vere vesentlege endringar i lov og forskrift, omorganiseringar eller endra føringar på kva en ønsker å oppnå med kommunen sine anskaffingar. Strategien vert effektivert gjennom handlingsplanar som skal rullerast årleg.

Rammer

Som grunnlag for strategiarbeidet har ein teke utgangspunkt i nasjonale og lokale føringar. Sentrale dokument er Lov om offentlige anskaffelser med tilhøyrande forskrifter, interne styringsdokument og retningslinjer, revisjonsrapportar og planar.

Verkeområde

Strategien gjeld for alle einingar og tenestestader i kommunen.

Leiarar som har budsjettansvar eller som gjer anskaffingar er ansvarlege for at strategien er kjent blant dei tilsette i eininga, og at personar med nøkkelroller innan anskaffingar er godt kjent med strategi og underliggende dokument.

Mål

Føremål

Strategien skal legge grunnlaget for ei felles overordna tenking og åtferd, slik at kommunen sine anskaffingar av varer, tenester, bygg og anlegg effektivt bidrar til at kommunen når sine overordna mål og overhald gjeldande regelverk.

Hovudmål

Kommunen sitt behov for varer og tenester skal dekkast på ein formålseffektiv, kostnadseffektiv og berekraftig måte.

Delmål og tiltak

I. Kommunen sine anskaffingar skal dekke brukarane sitt behov og ha rett kvalitet til rett pris.

Ønska effekt.

- Sikre at kommunen til ei kvar tid får best mogleg behovsdekning til rett pris.
- Sikre at ein vidarefører erfaring og stadig forbetrar avtalar og avtaledekning.
- Avdekke mangelfull behovsdekning, enten som eit resultat av manglar i inngåtte kontraktar eller ein mangel i marknaden.
- Sikre god samanheng mellom oppstått behov og det ein til slutt anskaffa.
- Bidra til eit konkurransedyktig og mangfaldig lokalt næringsliv.

Tiltak

1. Metodikk for **brukermedverknad** og involvering av organisasjonen skal utviklast som ein del av arbeidet med felles rutinar. Dette for å sikre ein stor grad av deltaking og brukerinvolvering i anskaffingsprosessane.
2. Alle kontraktar skal evaluerast før ein lyser ut ny konkurranse for same produktgruppe/teneste.
3. Kommunen skal jobbe aktivt for å nytta anskaffingsregelverket til å stimulere lokale bedrifter til å delta i kommunen sine konkurransar (**lokal forankring**).
4. Kommunen skal vere ein aktiv, men samstundes krevjande part i innkjøpssamarbeid med andre kommunar deriblant Bergenssamarbeidet. Dette for å nytta fordelar knytt til felles kontraktar og samla volum. Før inngåing av store rammeavtalar gjennom innkjøpssamarbeid skal ein vurdere nytten kommunen vil ha av avtalen og kva føringar det legg på kommunen sin handlefridom (**regionalt samarbeid**).
5. Kommunen skal gjennom sine anskaffingar stimulere til konkurranse gjennom å utforme konkurransegrunnlag som gir låg terskel for at kvalifiserte leverandørar kan delta (**bruka marknaden**).

II. Kommunen sine anskaffingar skal organiserast effektivt, med avklarte roller og rett

kompetanse.

Ønska effekt.

- Sikre at organisasjonen gjer gode anskaffingar i tråd med regelverket.
- Realisere gevinstar som finnas i redusert tidsbruk og effektive prosessar, og kvalitetsauke.
- Reduksjon av sårbarheit og personavhenge ved å overføre kunnskap frå person til system.
- Auka bruk av kommunens avtalar.
- Sikre betre dokumentasjon og større gjennomsiktighet i kommunen sitt arbeid med anskaffingar.

Tiltak

1. Kommunen skal implementere eit felles reglement for innkjøp- og kontraktoppfølging. Reglementet skal sikre god kvalitet i alle prosessar, også der innkjøpsavdelinga ikkje er delaktig.

2. Det skal etablerast og implementerast klare rolleomgrep knytt til alle ledd i anskaffingsprosessen. Spesielt viktig vil det vere å få på plass klare definisjonar på roller knytt til eigarskap, bruk og oppfølging av kontraktar.
3. Kommunen skal jobbe systematisk for auka kompetanse om offentlege anskaffingar på alle nivå i organisasjonen.
4. Kommunen skal digitalisere innkjøps- og kontraktoppfølgingsarbeid gjennom å implementere eit godt konkurranse- og kontraktsverktøy (KGV/KAV). For å sikre kvalitet i dokumentasjonen skal systemet integrerast mot arkiv.
5. Delen av innkjøp gjennom eHandel skal aukast, både ved at dette innkjøpsverktøyet i større grad blir brukt og ved å få fleire avtalar inn i eHandel.
6. Vi skal utnytte moglegheiter i kommunen si eHandelsløsning breiare enn det som i dag vert gjort, blant anna ved å kunne nytte systemet til kjøp/avrop på fleire avtaletypar, lagerstyring, og bruken av eksterne nettbutikkar.
7. Kvalitetssystemet skal vere hovudkjelda for informasjon og rettleiing om kommunen sin innkjøpspraksis. Innkjøpsavdelinga skal kontinuerleg oppdatere og forbetre faginnhaldet for anskaffingar i kvalitetssystemet slik at systemet er eit effektivt verktøy.

III. Kommunen skal jobbe systematisk for klima-, miljø- og samfunnsansvar i sine anskaffingar.

Ønska effekt.

- Bevisst strategisk bruk av anskaffingar for å bidra til at kommunen når dei mål som er sett knytt til klima og miljø, arbeidslivskriminalitet og sosialt ansvar.
- Bidra til å velje løysningar som er berekraftige.
- Oppretthalde og byggje vidare på eit godt omdøme så tilliten til den nye samla kommunen ikkje svekkast.

Tiltak

1. Kommunen skal jobbe systematisk for at kjøp er innretta mot dei mest miljøvenlege alternativa.
2. Anskaffingar skal aktivt nyttas som verkemiddel for å oppnå målsetjingar i KLEM plan.
3. Arbeide for å implementere kontraktskrav som gjer at leverandørarar må utforme sin leveranse med minst mogleg miljøbelastning. Dette skal gjelde for alle delar av leveransen.
4. Det skal før anskaffing av potensielt miljøbelastande produkt som til dømes bilar, transport og løysemidlar, dokumenterast av leiar/behovshavar at kjøpet er naudsynt og ikkje kan dekkast av gjenbruk, deling eller omdefinering av behov. Det skal og gå fram av vurdering at ein har kartlagt miljøvenlege alternativ og korleis konkurransen kan tilpassast for å sikre leveranse av produkt med låg miljøbelastning.
5. Kommunen skal innrette kontraktar som har lang løypetid (til dømes rammeavtalar) på ein måte som sikrar at vi til ei kvar tid får levert dei mest miljøvenlege produkt som er tilgjengelege.
6. Kommunen skal vere ein ansvarleg forbrukar som etterspør miljøvenlege varer og varer som er tilverka etter høg etisk og sosial standard. Det skal spesielt ved anskaffing av produkt eller tenester som er omtalte på DIFI si risikoliste stillast strenge krav til både leverandør og produkt for å sikre høg etisk standard på leveransen.
7. Kommunen skal aktivt arbeide for at arbeidslivskriminalitet, som til dømes svart arbeid og sosial dumping, ikkje skal skje. For å overhalde dette skal vi:
 - Utforme kontraktar med klare krav, kontrollmoglegheiter og tydelege konsekvensar for forhold relatert til samfunnsansvar.
 - Etablere strategi mot arbeidslivskriminalitet som ein integert del av kontraktsoppfølging. Rutinar skal innehalde krav om stadleg kontroll der det er hensiktsmessig.
 - Rette spesielt merksemd mot område som har høg risiko, som til dømes bygg og anlegg, helse- og sosialtenester og reinhald.

Implementering og oppfølging

Alle einingar har ansvar for å etterleve strategien og aktivt jobbe for å nå dei målsetningane som er sette. Dersom enkelte einingar eller avdelingar i stor grad gjennomfører anskaffingar sjølv, har dei ansvar for å dokumentere at anskaffinga er gjennomført i tråd med gjeldande regelverk og føringar i innkjøpsstrategien.

Innkjøpsavdelinga har ansvar for å følge opp og aktivt bidra med å implementere strategien og rapportere status for implementeringa og måloppnåing. Det er også innkjøpsavdelinga sitt ansvar å:

- lage ein årleg handlingsplan som konkretiserer tiltak og verkemiddel som skal iverksettast for å nå dei strategiske mål som er sett.
- etablere måleindikatorar og rapportere på desse.

[1] <https://www.anskaffelser.no/innkjopsledelse/anskaffelsesstrategi/hvorfor-anskaffelsesstrategi>